

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **25.11.2011, kl. 09.00 – 11:45**  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Svanehaugvegen 2, Førde

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

|                  |                       |
|------------------|-----------------------|
| Clara Øberg      | Styreleiar            |
| Jorunn Ringstad  | Nestleiar             |
| Trude Brosvik    | Medlem                |
| Helge E. Bryne   | Medlem                |
| Anni Felde       | Medlem                |
| Harry Mowatt     | Medlem                |
| Kjell Nygård     | Medlem/ tilsetterepr. |
| Rune Larsen      | Medlem/ tilsetterepr. |
| Berit J. Hornnes | Medlem/ tilsetterepr. |
| Elin Lysne       | Vararepr. tilsette    |

### Forfall frå styret

|                   |                       |
|-------------------|-----------------------|
| Knut C. Schönberg | Medlem                |
| Wenche K. Røkenes | Medlem/ tilsetterepr. |

### Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerende direktør  
Vidar Vie, viseadm. direktør  
Tore Dvergsdal, direktør Kirurgisk klinikk  
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk  
Ole Christian Reusch, direktør Psykisk helsevern  
Hans Johan Breidablik, fagdirektør  
Tom Hansen, økonomidirektør  
Arne Eithun, kommunikasjonssjef  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør

Reidun Berg, referent

### Andre deltakarar

Marte Bale, prosjektleiar.

## Sakliste

---

|            |   |
|------------|---|
| 069/2011 A | Godkjenning av innkalling og dagsorden              |
| 070/2011 A | Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.10.2011 |
| 071/2011 O | Administrerande direktør si orientering             |
| 072/2011 A | Rapportering frå verksemda per oktober 2011         |
| 073/2011 O | Rettleiar for styrearbeid i helseføretak            |
| 074/2011 A | Framtidig fødetilbod i indre Sogn - slutthandsaming |
| 075/2011   | Eventuelt   |
|            | Skriv og meldingar                                  |

**Møtet starta med fagleg orientering om tema prosjekt "Samhandlingsbarometeret" ved prosjektleiar Marte Bale**

## **069/2011 A Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Oppsummering:**

Styreleiar Clara Øberg ønska styret, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Styreleiar orienterte om følgjande:

#### Dagsorden:

- Fagleg orientering om tema prosjekt "Samhandlingsbarometeret"

#### Forfall til møtet:

- Styremedlemmer Knut C. Schönberg og Wenche K. Røkenes hadde meldt forfall. Vararepresentant Elin Lysne møtte for Wenche K. Røkenes

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **070/2011 A Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 21.10.2011**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 21.10.2011.

## **071/2011 O Administrerande direktør si orientering**

#### Adm. direktør Bolstad orienterte:

1. Produktivitetstal i BUP:
  - Produktivitetstala samla i Helse Førde syner nedgang frå 2009 -2010 på 13 %

- Nedgang både ved Nordfjord BUP og ved Førde BUP  
*Merknad: styret ønskjer ein djupare analyse og samanlikning til eit seinare møte.*

2. Prostatabehandling i Helse Førde

*Merknad: Administrasjonen skal analysere nærare det samla tilbodet, og gjerne samanlikna med andre.*

3. Utviklingsprosjekt NSH – status

4. Lokal leiging NSH –årsprosjekt starta opp

5. Omlegging Helse Førde 2020 – framdrift og arbeidsområder

6. Vedrørande bygg: LSH: betra tilgang for rørslehemma og tryggare el. forsyning. FSS: Vindaugsprosjektet er i gang.

7. Arbeid med ny overordna rammeavtale mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde – Samhandlingsreforma

8. Meldingsløftet i Helse Førde og plan vidare.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **072/2011 A Rapportering frå verksemda per oktober 2011**

Fagdirektør Breidablik orienterte om kvalitet, herunder:

- Ventetider for behandla pasientar, ventande pasientar og langtidsventande
- Fristbrot
- Korridorpasientar
- Strykingar frå planlagde operasjonar
- Epikrisetider i somatikk og psykiatri
- Døgn utskrivningsklare pasientar
- Andel kontrollar poliklinikk

Økonomidirektør Hansen orienterte om aktivitet, økonomi og medarbeidarar.

### **Oppsummering:**

Styrerapporteringa er utarbeidd per 31.10.2011. Rapporten fokuserer på ulike indikatorar innanfor følgjande perspektiv:

#### Kvalitet

Samla ventetid for pasientar som har fått behandling er i oktober noko betre (77 dagar) enn føregåande månad (83) og tilsvarande i fjor var 93 dagar. Det må likevel ned 12 dagar til om ein skal nå måлтаlet på 65 dagar. Fristbrot viser god nedgang siste månaden, men det er enno ein del langtidsventarar. Det er betring innan psykisk helsevern for barn og unge. Epikrisetidene held seg stabilt bra. Talet på rapporterte korridorpasientar er lågt også i oktober.

#### Aktivitet

Akkumulert ligg produksjonen 73 DRG poeng bak budsjettet (0,4 %).  
Dagkirurgi/dagopphald er 0,6 % færre enn fjoråret (46 opphald).  
Poliklinisk aktivitet er 2,9 % lågare enn fjoråret (2.602 konsultasjonar).  
Vi har 570 heildøgnsopphald mindre enn fjoråret (3,8 %).

#### Økonomi

Perioderesultatet var 0,3 mill. kroner svakare enn budsjett for månaden. Inntektene var 1,4 mill. kroner høgare enn budsjett og kostnadane var 1,7 mill høgare enn budsjett.

Bokført resultat etter ti månader er negativt med 41,3 millionar, noko som er 8,0 millionar svakare enn budsjett.

Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 516 mill. Per 1. november var det trekt opp 451 mill.

#### Medarbeidarar

Sjukefråværet i september er lågare enn fjoråret, 6,3 % i 2011 mot 6,5 % i september i fjor.

Brutto månadsverk i oktober er 40 færre enn same periode førre året.  
Netto månadsverk i oktober er 41 færre enn same periode førre året.

I høve oktober 2010 er deltid redusert med 1 prosentpoeng og faste stillingar auka tilsvarande.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå verksemda per oktober 2011 vert teken til vitande.

## **073/2011 O Rettleiar for styrearbeid i helseføretak**

#### **Oppsummering:**

I tråd med føringar frå føretaksmøtet har Helse Vest, i samarbeid med dei andre regionale helseføretaka, utarbeidd ein rettleiar for styrearbeid i helseføretak.

Helse Vest RHF ber om at rettleiaren blir lagt til grunn for arbeidet i styret.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek "Rettleiar for styrearbeid i helseføretak" til etterretning.

## **074/2011 A Framtidig fødetilbod i indre Sogn – slutthandsaming**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret tek "Rapport om arbeidet med å kartlegge grunnlaget for ei jordmorstyrt fødestove ved Lærdal sjukehus" til vitande.
2. Styret meiner at grunnlaget for eit føreseieleg og robust fødetilbod ikkje er til stades slik som lagt til grunn i føretaksprotokoll av 4.5.2011, m.a. "Kvalitetskrav til fødselsomsorgen".

3. Helse Førde ønskjer at det snarast vert etablert eit poliklinisk tilbod for gravide i Lærdal som inkluderer følgjeteneste, og eit barseltilbod ved sjukehuset.
4. Saka vert oversendt Helse Vest RHF for slutthandsaming.

### **Vedtak (samrøystes):**

Samrøystes vedtatt, og framlegg blir sendt vidare til Helse Vest RHF for slutthandsaming.

## **075/2011      Eventuelt**

Fleire styremedlemar hadde spørsmål og innspel i samband med omleggingsprosessane innanfor BUP-feltet.

Adm. direktør tek innspela med vidare i høve til det arbeidet som er i gang, også knytt til budsjetthandsaminga for 2012.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Protokoll frå Føretaksmøte i Helse Førde HF 17.oktober 2011
- Brev frå Helse Vest vedr. "Utviklingsprosjekt for Nordfjord sjukehus datert 08.11.11
- Brev frå HOD vedr. "Avklaringar om føresetnadane for prosjektet Fremtidens lokalsjukehus" datert 28.10.11
- Brev frå HOD vedr. "Ope brev til Helse- og omsorgsministeren om Nordfjord sjukehus" datert 28.10.11

### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Helsetilsynet i SFj. Lukking av avvik – tilsyn med Helse Førde HF, BUP og revmatologisk poliklinikk- rett til nødvendig helsehjelp.
- Helsetilsynet i SFj. Tilsynssak som gjeld behandling av ortopediske pasientar.

Ref. Reidun Berg

---

Clara Øberg  
Styreleiar

---

Jorunn Ringstad  
Nestleiar

---

Trude Brosvik

---

Knut C. Schønberg  
(sett)

---

Helge E. Bryne

---

Anni Felde

---

Harry Mowatt

---

Kjell Nygård

---

Rune Larsen

---

Berit J. Hornnes

---

Elin Lysne  
(vararepr tilsette)